

Rådmann

Kommunestyre

Innspel til kuttforslag i budsjettet for ungdomsskulen

FAU ved Samnanger ungdomsskule reagerer på kuttforslaget for skule. Dette skrivet er ein reaksjon på informasjonen som kom fram i Samningen 05.11.20 og informasjon FAU fekk frå rektor på ungdomsskulen same kveld.

Framlegget til budsjett 2021 har store kutt for skulen, 5,5 millionar kroner. På ungdomsskulen vert dette om lag 1,5 pedagogstilling eller omlag 30 vanlege skuletimar (45 minuttar). Det vil i praksis sei at ungdomsskulen må kutta ti undervisningstimar på kvart trinn om dei fordelar det likt. I dei ti timane må då elevane som vanlegvis er delt i to klassar gå saman. Frå hausten 2021 vil to av trinna vere på 34 elevar.

34 elevar er ein stor klasse. Det er då vanskeleg å sjå den enkelte og tilpassa for kvar og ein. Alle elevar har rett på tilpassa opplæring som er tilpassa den enkelte sine evner og forutsetningar. Læraren pliktar å legge til rette for undervisning som tek omsyn til at alle elevane er ulike når det gjeld anlegg, interesser og andre forhold. (opplæringslova §1-3). Dette kan la seg gjere i ei gruppe på under 20 elevar, men med 34 vert det svært krevjande. I tillegg har ein og elevar som har rett på spesialundervisning. Det er elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet (opplæringslova §5-1). Desse elevane har eit enkeltvedtak og har ein rettighet til IOP (individuell opplæringsplan) og spesialundervisning. Forsking er eintydig på at spesialundervisning har størst effekt om den skjer i den ordinære klassen. Elevar ynskjer å vere inkludert, vera ein del av fellesskapet. På ungdomsskulen får elevane i dag tilpassing og spesialundervisning i klassen, men det vil ikkje fungere om klassane vert for store mykje av tida. Då vil det krevja ressursar til lovpålagd spesialundervisning utover det ordinære tilbodet.

Talet elevar i ei gruppe/klasse skal vurderast ut frå kva som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Det er viktig at denne vurderinga vert gjort av nokon som har pedagogisk kompetanse. Føringsane frå utdanningsdirektoratet, lærarnorma, seier 20 elevar per pedagog (i snitt) på 8.-10.klasse. Ungdomsskulen har dei fysiske rammene den har med rom som ikkje eignar seg til

undervisning av store grupper. Det vert ikkje gode undervisningsrom sjølv om ein slår ned ein vegg eller to. Eit godt undervisningsrom er ikkje det same som eit stort nok rom reint arealmessig. «Nybygget» har eit slik rom allereie. Rommet er langt og det er vanskeleg å få god dynamikk med dei elevane som sitt lengst vekk. Det er eit krevjande rom å innreie for god undervisning. Det vert anten veldig vidt eller langt. Fleire slike rom er ikkje ynskjeleg for elevane våre. FAU reknar med, gjennom SU, at ein vert høyrd i denne prosessen før ein går til det steget at ein endrar dei fysiske rammene på skulen.

Når ein les i Samningen at ein skal få noko tilbake i form av varm skulelunsj så er det provoserande. Skal ein ta vekk ressursar frå det som er grunnleggjande viktig i skulen og så koma med eit løfte om varm mat. Kva er det for ei vurdering? Ikkje ei pedagogisk god vurdering i alle fall.

Det som er positivt med ungdomsskulen vår er at lærarane ser alle og er tett på. Me er bekymra for at det ikkje vert situasjonen om klassane vert for store og undervisninga vert i ueigna rom. Ungdomane våre treng å verta sett, kvar dag. Dei treng lærarar som har tid til å motivera, inspirera og leggja til rette for god undervisning for den enkelte. Samnanger ungdomsskule viser til eit lågt sjukefråvær og ein høg trivsel på arbeidsplassen. Elevundersøkinga bekreftar at også elevane trivst. Resultata på nasjonale prøvar og grunnskulepoenga (44,9 mot nasjonalt 43,2) viser at elevane får gode resultat. Dette er vel noko ein vil ta vare på ?

2020 har vore eit krevjande år for skulen, både for lærarar og elevar. Ein har snudd seg om frå ein dag til den neste. Ungdomsskulen i Samnanger har verkeleg levert i denne tida. Heimeskuletida fungerte godt og elevane vart godt tekne vare på i ei sårbar tid. På gult nivå har elevane gode om enn litt annleis skuledagar. Skuledagen er trygg og smittevernstiltaka fungerer godt. Elevane får tilbod om digital undervisning om dei må vere heime på grunn av at dei er litt småsjuke.

Ressursbruken i skulen er ikkje jamstilt med kvalitet og det er sjølvstendig viktig å gjere vurderingar jamleg for å sikre at ein får mest mogeleg igjen for dei ressursane ein brukar. Samnanger brukar kanskje meir pengar på skule enn andre kommunar. Spørsmåla ein må finna svar på her er kvifor og kvar ein brukar for mykje pengar, og deretter korleis ein kan gjere noko med det. Når ein har svara her så kan ein gå inn i ein endringsprosess for å betra kvaliteten på sikt. Ein endringsprosess tek tid og utfordringane i Samnangerskulen lar seg ikkje fikse over natta med eit kjempekutt. Det tek tid å snu denne skuta og det trengs at dei involverte er med i snuoperasjonen. Slik dette kuttet vart presentert i lokalavisa så skapar det ikkje tillit til kommuneadministrasjonen og i alle fall ikkje eit godt samarbeidsklima. Me er ein liten kommune og då burde ein klare å få til eit betre samarbeid til det beste for dei verkeleg viktige tenestene.

Ungdommane er framtida, og Samnanger kommune har eit ansvar for å gjere dei best mogeleg rusta for den framtida. FAU ber kommunestyret gjere ei god vurdering og sjå på konsekvensane dette kuttet vil få for ungdomsskulen. Elevane våre treng ikkje varm skulelunsj, men god undervisningskvalitet, vurderingskvalitet og god pedagogtettleik. Dei treng eit kommunestyre som er

villig til å løyva ressursane som trengs for at dei skal få halda fram på ein skule som er ein god stad å vera og ein god stad å læra.